

# BACHELOROPPGÅVE

## **Flytting av barn utanfor heimen etter lov om barneverntenester.**

Kva konsekvensar kan eit barn få ved å bli flytta vekk frå sine biologiske foreldre på grunnlag av omsorgssvikt?

av  
kandidatnummer: 4  
Sonja Smedegård

**Placement of children outside of home after law by child protection services**

Sosialt Arbeid  
BSV5-300  
Mai - 2016



## **Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva "Flytting av barn utanfor heimen etter lov om barneverntenester" i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 4 Sonja Smedegård

JA X      NEI\_\_

## **Innholdsliste**

<b>1.0 Innleiing</b>	<b>3</b>
<b>2.0 Omgrepforklaring</b>	<b>4</b>
2.1 Flytting	4
2.2 Risiko	4
2.3 Fosterheim	4
2.4 Konsekvens	4
<b>3.0 Metode</b>	<b>4</b>
3.1 Litteraturstudie som metode	5
3.2 Søkeprosessen	5
<b>4.0 Flytting av barn utanfor heimen</b>	<b>6</b>
4.1 Lov om barneverntenester	6
<b>5.0 Omsorgssvikt</b>	<b>7</b>
5.1 Barns tilknytning i ein omsorgssviktsituasjon	8
<b>6.0 Stabilitet og kontinuitet</b>	<b>9</b>
<b>7.0 Relasjonar og tilknytning</b>	<b>9</b>
7.1 Tilknytingsperspektiv	10
7.2 Tilknytning	10
7.3 Ulike tilknytingsstilar	11
7.4 Flytting av små barn i fosterheim sett i lys av tilknytningsteori	12
7.5 Relasjonsperspektiv	13
7.6 Relasjonar	13
<b>8.0 Resiliens</b>	<b>14</b>
<b>9.0 Resultat av forskning</b>	<b>14</b>
9.1 Barnevernets moglege skadelege effektar på barn	14
9.2 Barn og unge i fosterheim	16
9.2.1 Flytting av barn til fosterheim	16
9.2.2 Fosterbarns helse	17
<b>10.0 Drøfting</b>	<b>18</b>
10.1 Kva fordelar har det for barnet å bli flytta?	18
10.2 Kva gjer ei flytting med barnet?	19
10.3 Korleis kan vi forstå at barn kan utvikle vanskar ved ei flytting	20
10.4 Konklusjon	21
<b>11.0 Avslutting</b>	<b>22</b>
<b>12.0 Litteraturliste</b>	<b>23</b>
<b>13.0 Vedlegg – Sjølvvalt pensum</b>	<b>25</b>

## 1.0 Innleiing

Når barn eller unge av ulike grunnar ikkje lenger kan bu saman med sine biologiske foreldre, er det barnevernets oppgåve å sørge for at dei får ein trygg og god omsorg. Dei fleste av desse barna blir då flytta til ein fosterheim, medan andre blir flytta til ein barneverninstitusjon eller i bustad med oppfølging (Bufdir, 2015).

*” Barneverntjenesten skal, når barnet på grunn av forholdene i hjemmet eller av andre grunner har særlig behov for det, sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien ”*  
(Barnevernlova, 1992)

Når hjelpetiltaket barneverntenesten har satt i verk for eit barn ikkje er tilstrekkeleg for å sikre at omsorgssituasjonen til barnet er god nok, kan barnet flyttast utanfor heimen. I samhøve med barnevernlova si bestemming kan ein flytte barnet utanfor heimen med og utan foreldra sitt samtykke (Bufdir, 2015).

I Noreg var det i 2014 heile 14800 barn som vart fløtt utanfor heimen, enten som hjelpe- eller omsorgstiltak frå barnevernet. Statistisk sentralbyrå skriv at dette er ein auke i frå 2013 og at fosterheim er klart det viktigaste plasseringstiltaket der 7 av 10 barn er plassert i fosterheim (SSB, 2015).

På bakgrunn av dette kan vi sjå at der er mange barn som blir flytta vekk frå sine biologiske foreldre. Det som fangar interessa mi i forhold til dette er korleis akkurat denne flyttinga vekk frå biologiske foreldre kan påverke barnet og korleis omfanget av omsorgssvikt også kan påverke barnet seinare.. Derfor vil eg i denne oppgåva skrive om barn som er plassert utanfor heimen etter lov om barneverntenester. Det eg vil fokusere på er kva ei flytting gjer med barnet. Eg vil derfor ta føre meg ulike konsekvensar ei slik flytting kan gi barnet.

Ut i frå dette kjem eg fram til følgjande problemstilling:

*Kva konsekvensar kan eit barn få ved å bli flytta vekk frå sine biologiske foreldre på grunnlag av omsorgssvikt?*

For å svare på mi problemstilling ynskjer eg å skrive oppgåva mi i eit tilknytning og relasjonsperspektiv. Eg har valt desse perspektiva for å synleggjere kor viktig tilknytning og relasjonar er for eit barn med tanke på vidare utvikling.

## **2.0 Omgrepsforklaring**

I dette kapittelet skal eg ta føre meg nokre omgrep eg brukar i mi oppgåve. Eg vil gi ein kort forklaring på desse omgrepa.

### **2.1 Flytting**

Forandringsfabrikken er ein stiftelse som består av ungdommar med erfaring og kunnskap om ulike hjelpesystem. Nokre av prosjektarbeida deira er innanfor barnevern, psykisk helse og skule (Forandringsfabrikken, u.å.) . Etter eit foredrag frå forandringsfabrikken der dei fortalte om sine opplevingar som klient innanfor ulike hjelpesystem lærte eg at dei som klientar lett kunne føle seg som eit objekt frå sakshandsamar si side. Dette kunne ofte komme av at sakshandamar ordla seg feil i dokumenta til klientane. Forandringsfabrikken fortalte at ordet plassering var eit ord dei ikkje likte på grunnlag av at dei lett kunne føle seg som eit ting som skulle plasserast og ikkje eit barn som skulle flytte. Med inspirasjon frå forandringsfabrikken vil eg derfor i denne oppgåva nytte orda flytting av barn og ikkje plassering av barn.

### **2.2 Risiko**

Ordet risikofaktor er eit felles omgrep ein nyttar når ein snakkar om forhold som kan auke faren for at personar kan utvikle vanskar. Ordet risiko kan brukast som ei forståing av utvikling generelt, psykiske lidingar og sosiale tilpassingsvanskar (Kvelling, 2010, s.162).

### **2.3 Fosterheim**

Lov om barneverntenester (1993) definerer ein fosterheim slik:

- a) *”Private hjem som tar imot barn til oppfostring på grunnlag av barneverntjenestens beslutning om hjelpetiltak etter §4-4, eller i samband med omsorgsovertakelse etter §4-12 eller §4-8 annet og tredje ledd”.*

### **2.4 Konsekvens**

Med ordet konsekvens meina eg i mi oppgåve at dette kan tyde både positive og negative utfall av ein situasjon.

## **3.0 Metode**

Å bruke ein metode betyr å følgje ein bestemt veg mot eit mål. Metode dreiar seg om korleis vi skal gå fram for å få informasjon og korleis denne informasjonen skal analyserast

(Johannesen, Tufte, & Christoffersen, 2010, s. 29). Metode er ein framgangsmåte, eit middel til å løyse problem og komme fram til ny kunnskap ( Dalland, 2012, s112). ”Metode kan blant annet defineres som en systematisk framgangsmåte for å frembringe kunnskap eller etterprøve påstander” (Støren, 2013, s.39). Nokre metodar er svært avhengig av personen som gjennomfører undersøkinga medan andre ikkje er det. Dersom ein skal bruke informasjon frå ein artikkel i ei oppgåve er det nok at personen som skriv det berre gjer greie for i kva grad denne informasjonen er påliteleg. Skal ein derimot finne informasjon ved å intervju nokon må ein gjere greie for meir enn berre pålitelegheitsgraden. Ein må i eit slikt tilfelle gjere greie for alt som har forgått heit frå første kontakt til analysen (Dalland, 2012, s.114).

### **3.1 Litteraturstudie som metode**

Litteraturstudie bygger på skriftelige kjelder. I eit litteraturstudie er det litteraturen ein studera, dette kan vere eit tema som tidlegare har blitt forska på (Støren, 2013, s.16). Eit litteraturstudie skapar ikkje ny kunnskap då temaet er blitt forska på tidlegare, men den som brukar forskinga i si oppgåve kan tileigne seg ny kunnskap. Den nye kunnskapen personen får kan også komme ved å samanlikne fleire artiklar (Støren, 2013, s. 17).

Eg har valt å skrive mi oppgåve som eit litteraturstudie. Eg har valt litteraturstudie som metode på grunn av at eg sjølv meina at denne metoden svarar på mi problemstilling på ein god måte. Det er tidlegare gjort mykje forsking kring det temaet eg har valt for mi oppgåve. På dette grunnlaget meina eg at den forskinga som ligg på dei forskjellige databasane er breitt og dekkjande for mi problemstilling. Ei empirisk undersøking kunne ha vore interessant å gjennomført, men på grunnlag av tidsavgrensing har eg valt å holde meg til litteraturstudie.

### **3.2 Søkeprosessen**

For å finne relevant informasjon til mi oppgåve har eg brukt ulike søkeord i ulike databasar. Nokre av søkeorda eg har brukt er psykisk\*OR helse\*, foster\* OR barn\*, fosterbarn, barnevern, fosterhjem\* OR barn\* OR behov og plassering\*. Dei ulike databasane eg har brukt er for det meste Oria og Google Scholar, men eg har også søkt etter fagartiklar på nettsida forskning.no etter tips frå rettleiar. Etter desse søka har eg funne ulike fagartiklar eg har valt å bruke vidare i mi oppgåve.

I denne oppgåva vil eg nytte informasjon frå fag-og pensumbøker og ulike resultat frå forskingsartiklar for å gjere greie for mi problemstilling. Denne informasjonen kan kome frå sekundere kjelder og primære kjelder. Ei primær kjelde kan forklarast som den originale

artikkelen der forskinga presenterast for første gong (Dalland, 2012, s.78). Sekunderkjelder er då dataen frå primærkjeda blir analysert på nytt og presentert som ei kunnskapsoppsummering (Dalland, 2012, s.79).

Ut i frå mine søkeord har eg funne fram til ein kunnskapsstatus som er ein samling av mange ulike forskingsresultat frå 1980 til 2009. Denne fagartikkelen vil bli brukt mykje i mi oppgåve. Ein anna forskingsartikkel som eg kjem til å bruke i mi oppgåve er skriva av Karen J. Skaale Havnen. Dette er ein fagartikkel som baserar seg på Havnen si doktorgrad.

#### **4.0 Flytting av barn utanfor heimen**

Å overta omsorga for eit barn og plassere det utanfor heimen endrar barnets livssituasjon drastisk. Dette kan vere ein svært dramatisk oppleving for barnet. Barnet opplever at de vante omsorgspersonane blir erstatta med nye og ukjente menneske, og at dei fysiske omgivnadane, vanane og rutinane blir endra. Samtidig som det kan vere dramatisk for barnet at det blir fremma ein omsorgsovertaking er det også alvorleg å la barn vokse opp under vanskelige/skadelige forhold. Ein flytting av barnet kan då vere nødvendig og riktig (Bunkholdt & Sandbæk, 2008, s. 224). Ei omsorgsovertaking er noko av det mest inngripande tiltaket barneverntenesta kan setje i verk, og dermed er det viktig å presisere at dette skjer kunn i dei tilfella då ingen andre tiltak er betre.

#### **4.1 Lov om barneverntenester**

I dette kapittelet vil eg ta føre meg nokre av dei paragrafane frå barnevernlova som er relevante for mi oppgåve.

For alle barn som er busett i Norge gjeld lova om barnevernteneste ( bvl.).

Barnevernlova § 4-4 sjette ledd lyder som følgjer:

*”Når vilkårene i annet ledd er til stede, og dersom behovene ikke kan løses ved andre hjelpetiltak, kan barneverntjenesten også formidle plass i fosterhjem, institusjon eller omsorgssenter for mindreårige. Hvis det må forutsettes at foreldrene i lengre tid ikke vil kunne gi barnet forsvarlig omsorg, bør det likevel vurderes om det med en gang skal vedtas at barneverntjenesten skal overta omsorgen for barnet etter § 4-12 første ledd, framfor frivillig plassering etter denne paragraf” (Barnevernlova, 1992).*

Med dette meinast det at barneverntenesta kan etter samtykke frå barnet sine foreldre flytte barnet til ein fosterheim eller ein institusjon dersom dei ser det som naudsynt.

Barnevernlova §4-6 andre ledd lyder som følgjer:

*”Er det fare for at et barn blir vesentlig skadelidende ved å forbli i hjemmet, kan barnevernadministrasjonens leder eller påtalemyndigheten uten samtykke fra foreldrene umiddelbart treffe midlertidig vedtak om å plassere barnet utenfor hjemmet” (Barnevernlova, 1992).*

Ut i frå denne paragrafen kan barneverntenesta treffe eit midlertidig vedtak om at barnet skal flyttast utanfor heimen, då barneverntenesta vurderar heimeforholda til barnet som skadeleg.

Barnevernlova §4-12 handlar om at barnevernet tek over omsorga for barnet av ulike årsaker. Lova er delt inn i fire ulike ledd som beskriv kva grunnlag barneverntenesta kan fatta slutning om å frata foreldra den daglege omsorga for barnet ( Barnevernlova, 1992).

## **5.0 Omsorgssvikt**

Ein kan seie at omsorgssvikt er eit omgrep som variera. Omgrepet kan forklarast med at omsorgspersonane til barnet sviktar ivaretakinga av barnets behov for stimulering, oppfølging og beskyttelse ( Kvello, 2010, s.34). Ein kan og definere omgrepet som det å ikkje ta omsyn til barnets behov i ein slik grad at barnet kan bli utsatt for fysisk eller psykologisk skade (Bunkhold & Sandbæk,2008, s. 49).

Omsorgssvikt kan delast inn i mange ulike grupper. Fysisk omsorgssvikt vil seie at omsorgspersonane ikkje klarer å dekke barnets behov ved å ikkje gi barnet tilstrekkeleg med mat, ikkje gi barnet kleder som er nødvendig for ulikt vær og føre, og at omsorgspersonane ikkje klarar å gi barnet eit godt hygienisk nivå med tanke på barnets kropp og kle. Emosjonell omsorgssvikt vil seie å vere lite emosjonelt tilstades for barnet. Dette kan forklarast med at omsorgspersonane ikkje møter og respondera på barnas signal og at omsorgspersonane har ein psykisk fjernheit (Kvello, 2010, s. 34). Vold og misshandling er også ein form for omsorgssvikt. Når det gjeld denne typen omsorgssvikt påfører omsorgspersonane smerter som kan vere ein risiko for barnet då det kan oppstå skade på barnet. Desse skadane som kan oppstå kan føre til at barnets står i ein risiko for ein dårlegare utvikling. Denne typen omsorgssvikt kan delast inn i fleire ulike undergrupper. Nokre av desse undergruppene er fysisk og emosjonell misshandling. Fysisk vold er då omsorgspersonane for eksempel slår, sparkar, trykker barnet på plassar som fører til smerte, brenner og ristar barnet. Fysisk vold er og då barnet opplever eller ser at andre i familien blir utsatt for nokre av dei hendingane nemnt over. Emosjonell misshandling er også ein undergruppe av omsorgssvikt som fjølge av vold og misshandling. Emosjonell mishandling vil seie at omsorgspersonane er sarkastiske eller kritiserande mot barna. Omsorgspersonane kan true, avvise og ekskludera barna frå



fellesskapet. Emosjonell vold er også då barnet opplever eller ser at andre i familien blir utsatt for dei same hendingane (Kvello, 2010, s.35).

Utnytting og seksuelle overgrep er ein alvorleg omsorgssvikt. Kvello forklarar seksuelle overgrep som *upassande seksuell kontakt som kan skade barnet*. Dei mest alvorlege formene for seksuelle overgrep inkludera vaginal, oral og anal stimulering og inntrenging (Kvello, 2010, s.35). Seksuell utnytting vil seie å utnytte barnet seksuelt ved å til dømes å ta bileter av barn med eller utan kleder der den som tek bilete eller andre kan få nytning av dette. Det å tvinge eit barn til prostitusjon eller presse barn til å foreta seksuelle handlingar framfor eit web-kamera er også seksuell utnytting (Kvello, 2010, s.35).

Omsorgssvikt kan finnast i mange ulike alvorlighetsgrader, ulik varighet og i ulike kombinasjonar. Barn kan reagere ulikt på same påverknadar, men også få same symptom på ulike påverknadar (Kvello, 2010, s.43). Både misshandling og omsorgssvikt kan auke risikoen for at eit barn utviklar ein utrygg tilknytingsstil. Det kan vere uklart korleis oppvekst i ein ikkje god nok omsorg pregar barnets utvikling. For å forklare dette skriv Kvello (2010) ” *Jo flere former for omsorgssvikt og mishandling barnet opplever, og jo mer alvorlige de er, desto verre er prognosen* ” (Kvello, 2010, s.44).

### **5.1 Barns tilknytning i ein omsorgssviktsituasjon**

Barn kontinuerleg lever i omsorgssviktsituasjonar brukar store krefter på prøve å forstå. Dette er fordi dei barna som lever i ein slik situasjon alltid må vere forberedt og følge godt med på kva som forgår rundt dei. Dei barna som på dagleg basis på bruke sine krefter på dette kan ha lite overskot til å bruke energien sin på sosial og kognitiv utvikling. *Kari Killén skriv at eit barn som blir utsatt for vanskjøtsel og overgrep i de første leveårene, vil utvikle en utrygg/dessorganisert tilknytning til foreldrene, og det vil ha vanskelig for å etablere tillit til andre* ( Killén, 2015, s.142). Eit barn som opplever dette kan i seinare tid lære av dei erfaringane ein fått heimanfrå og tolke verda på bakgrunn av dette, barnet kan dermed få eit negativt bilete på verda og seg sjølv. Dersom eit barn utviklar misstillit kan barnets evne til å løyse utviklingsoppgåver på ein positiv måte bli hemma. Dette er også avhengig av kva moglegheiter det sosiale nettverket og omverda gir barnet ( Killén, 2015, s.143).

Dei fleste barna som har tilknytingsforstyringar har mest sannsynleg vert utsatt for vanskjøtte, psykiske, fysiske eller seksuelle overgrep, og desse barna har kanskje blitt flytta gjentatt gonger utanfor heimen der dei har hatt lengre brot til sine tilknytingspersonar (Killén, 2015, s. 143).

## **6.0 Stabilitet og kontinuitet**

Ordet kontinuitet kan bety til dømes å ha ein samanhengande livshistorie. Ein samanhengande livshistorie kan ein få ved å vere omgitt av dei same menneska frå barndom til ein er vaksen (Bunholdt & Sandbæk, 2008). Kontinuitet påverkar identitetsutviklinga fordi ein person er forma av fortida si, og kan seinare ha behov for å vite noko om si eiga fortid og korleis livet har utvikla seg. Kontinuitet kan også ha noko å seie i forhold til korleis ein person fungera i kvardagen. Personar som ikkje veit noko om si eiga utvikling og fortid kan ende opp med å føle seg einsam fordi dei ikkje har nokon som kjente dei tidlegare. Dette gjeld ikkje berre vaksne, men også barn.

Det å ha stabilitet i omsorga tyder at menneska ein person har rundt seg gir omsorg som gjer omsorgspersonane forutsigbare og til å stole på. Dersom barnet sine signal blir møtt, og at barnet har faste og forståelege grenser kan gjere til at barnet sine behov blir møtt på ein god måte som igjen kan føre til at barnet får stabilitet og dermed trygghet. Dersom ein tenker seg at det beste for barnet er å leve med dei same menneska gjennom oppveksten, og ein stiller seg sjølv spørsmålet om kva som er til mest skade for barnet. Er det best for barnet å få brotne kontinuitetsband slik at eit barn kan få ein stabil omsorg, eller er det å la barn vokse opp i ustabile omsorgsforhold det beste for barnet fordi det å ha dei same omsorgspersonane gjennom oppveksten er det beste (Bunholdt & Sandbæk, 2008, s. 225). Akkurat dette spørsmålet er det ikkje nokon fasit på, dette er noko som er individuelt for kvart barn, og noko ein barnevernarbeidar må vurdere med tanke på kvart einskild barn (Bunholdt & Sandbæk, 2008, s.255).

Når eit barn blir flytta i fosterheim bryter barnevernet barnets kjelde til kontinuitet då barnet har fått nye omsorgspersonar. Dette gjer barnevernet fordi dei meina behovet barnet har for stabilitet er større enn det dei biologiske foreldra kan gi barnet. Utfordringa barneverntenesta har i slike tilfelle er å kompensere for tapet av kontinuitet barnet får. For å kompensere dette på best mogleg måte ved å ordne ein samværsplan mellom barn og biologiske foreldre. Dersom dette ikkje let seg gjere kan ein prøve å oppretthalde kontinuiteten ved å sjå på bilder frå fortida eller ved hjelp av minner (Bunholdt & Sandbæk, 2008, s. 256).

## **7.0 Relasjonar og tilknytning**

Barn opplever stadig separasjonar frå sine tilknytingspersonar, dette skjer då barnet må forholde seg til ukjente menneske. Barn kan danne fleire tilknytingsrelasjonar, dei kan etablere tilknytning til primær-og sekundærpersonar. Dette kan for eksempel vere mor og far

som primærpersonar og andre omsorgsgivarar som barnehagepersonell som sekundærpersonar. Det er mykje som tydar på at den tidlege tilknyttingen eit barnet har med sine omsorgspersonar har mykje å seie for seinare utvikling. Dersom barn får ein nær og varm relasjon til sine omsorgspersonar kan barnet få ein større evne til å takle vanskelege situasjonar seinare i livet. Barnet kan også lettare danne nye relasjonar til venner og leikekameratar ( Håkonsen, 2009, s. 39).

### **7.1 Tilknytingsperspektiv**

Tilknytningsteori kan vere ein modell der vi kan forstå korleis barnets primære omsorgspersonar påverkar barnet og barnet sitt forhold til andre. Tilknytningsteori kan og forståast som ein måte der vi kan sjå kva utviklingskonsekvensar barnet kanskje har fått ut i frå ulike tilknytingsstilar. Ein kan og bruke tilknytningsteori for å forstå korleis eit barn kan få ein trygg tilknytingsstil ( Kvello, 2010, s.88).

### **7.2 Tilknytning**

Like etter fødsel begynnar samspelet mellom barn og omsorgspersonar, i forbindelse med dette utviklar også tilknyttinga seg. Fleire teoretikarar har meint at den sensitive perioden for tilknytning er i frå barnet er nyfødd til det er 2 år. Det er i dag mange forskjellige oppfatningar om prosessen fram mot full tilknytning, men det alle retningane har felles er at samspelet mellom omsorgsperson(ar) og barn må vere prega av at de vaksne er sensitive for barnas signal. Dette vil seie at dei vaksne må vere tilgjengelige for barnet både fysisk og psykologisk, og at de vaksne gir ein stabil omsorg. Fysisk tilgjengelegheit vil sannsynligvis bety å vere der for barnet når det treng mat, stell, trøst, stimulering og så vidare, og å kunne dekke andre behov barnet gir utrykk for (Bunkholdt, 2000, s. 174).

Når eit barn lever med omsorgspersonar som er sensitive for signala barnet gir, oppfattar signala, akseptera dei og bekreftar signala kan dette utvikle seg til ein trygg tilknytning (Bunkholdt, , 2000). Eit trygg tilknyntingsmønster kan forståast på den måten at barnet brukar mor som ein trygg base for utforsking. Barnet søker og kontakt med mor dersom det opplever usikkerhet. Nokon barn opplever brot på kontinuitet, dette kan vere barn som mistar foreldra som spedbarn, eller barn som blir flytta i fosterheim. Disse forholda kan føre til utrygg tilknytning. Utrygg tilknytning kan forklarast på den måten at barnet blir reservert ovanfor mor. Barnet føler ikkje uro når mor går, og søker heller ikkje kontakt med mor då ho er tilstade. Barnet prøver heller å sende signal til mor om at det vil unngå eit samspel (Bunkholdt, 2000).

### 7.3 Ulike tilknytingsstilar

Tilknytingsstilane kan visast i form av åtferd. Den enkelte sin tilknytningssil kan komme best til syne dersom barnet er utsatt for ein mild grad av stress. Dette er fordi menneske uttrykker sin typiske/naturlige måte å søke trygghet på i slike situasjonar.

Tilknytingsstil A kan ein kalle unnvikande tilknytingsstil. Personar som har denne tilknytingsstilen har ofte god sjølvaksept, er pålitelege, dei kan vere mistenksame og ser kanskje på andre som upålitelege. Desse personane kan virke ganske trygge, men kan ofte vere usikre i sosiale situasjonar. Barn men denne tilknytingsstilen kan for andre personar opplevast som aggressive eller vanskelege. I barndomsalder kan dei vise lite behov for trøst og omsorg. Som vaksen kan personar med denne tilknytingsstilen distansere seg emosjonelt til andre. Eit barn kan ha fått denne tilknytingsstilen fordi foreldra har gjeitt barnet lite tilgang på emosjonelle opplevingar.

Tilknytingsstil B kan ein kalle trygg tilknytingsstil. Personar med denne tilknytingsstilen har hatt omsorgspersonar som var emosjonelt og fysisk tilgjengelege. Foreldra til desse barna tar initiativ til samspel og responderer på barnas signal. Desse barna har opplevd personar som er snille, pålitelege og har gode intensjonar. Personar som har denne tilknytingsstilen klarar å balansere tilhøyrsla i eit sosialt fellesskap og det å vere sjølvstendig. Barn med denne tilknytingsstilen viser tydelege reaksjonar då det blir skilt frå sine foreldre.

Tilknytingsstil C kan ein kalle ambivalent tilknytingsstil. Personar med denne tilknytingsstilen har opplevd noko respons og omsorg, men ikkje på lik linje med personar som har utvikla trygg tilknytingsstil. ” *Denne omsorgen og responsen har vært så ujevn at barnet har lært seg til å forsterke sine signaler for å få respons og utløse omsorg*” (Kvello, 2010, s. 93) Dersom ein har denne tilknytingsstilen kan ein vere redd for å bli oversett og dermed kan desse personane ende opp med å søke mykje merksemd, dei kan bli sjølvsentrerte, egoistiske og dominerande. Dersom desse personane opplever motgang kan dei reagere med sutring, og overdriven hjelpelausheit.

Tilknytingsstil D kan ein kalle desorganisert tilknytingsstil. Dei barna som har utvikla denne tilknytingsstilen har opplevd skremmande foreldre. Barna har lært seg at ein ikkje skal provosere foreldra fordi det kan føre til overgrep. Foreldra til desse barna kan vere personar som rusar seg, er voldelege, har sving i humøret og kan ha ei svingande dagsform. Barn som har engstelege omsorgspersonar kan også utvikle desorganisert tilknytingsstil. Foreldre som er engstelege kan framstå som lite trygge, sterke og kompetente, dette kan føre til at barnet ikkje

får tillit til sine foreldre og føler seg ikkje beskytta av dei. Førekomsten av denne tilknytingsstilen er høg i grupper som barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien. Ein kan seie at mellom 50 og 80 prosent av barn i barnevernet og barnepsykiatrien har desorganisert tilknytingsstil. Barna med denne tilknytingsstilen brukar ikkje sine omsorgspersonar som ein trygg base då dei blir utsatt for stress (Kvelling, 2010, s.95).

#### **7.4 Flytting av små barn i fosterheim sett i lys av tilknytningsteori**

Sigrud Finsland Smeplass er klinisk barnevernspedagog og har skrivne ein artikkel om korleis ein kan bruke tilknytningsteori som ein grunngeving for at sped- og småbarn som må flytte skal flyttast direkte i fosterheim utan mellomplassering.

Fosterheimsarbeid inneberer rekruttering og formidling av fosterforeldre der målet er at det skal bli ein god match mellom fosterbarn og fosterforeldre. Dette krev at barneverntenesta har eit stort utval av ulike fosterheimar. Desse ulike fosterheimane kan ha mange forskjellige eigenskapar som gjer at dei matchar akkurat dette enkelte barnet. Nokre fosterforeldre kan handtere barn som er i ein akutt situasjon på ein god måte, medan andre handtera ein langvarig plassering betre.

Smeplass skriv at tilknytningsteori og tilknytingsforskning har fått ein fornya og sentral posisjon i samanheng med satsing på sped- og småbarns psykiske helse. Ein kan sjå på ein trygg tilknytning gjennom det første leveåret som ein beskyttande faktor. Det er med stort sannsyn at barn med trygg tilknytning til sine omsorgspersonar handter ulike belastningar og risikofaktorar betre. Belastningane og risikofaktorane kan i dette tilfelle vere ulike utfordringar eit barn møter gjennom livet (Smeplass, 2009, s.159). Ein utrygg tilknytning kan då bli ein risikofaktor for ulike uheldige utfall når det gjeld kjensle og sosial utvikling. Barn sine omsorgsvilkår kan ha ein stor påverknad for kva type tilknytningstil eit barn utviklar. Den utviklingsstilen som barnet får har igjen stor påverknad på utviklinga både emosjonelt, sosialt, kognitivt og motorisk (Smeplass, 2009, s. 159).

Smeplass (2009) refererer til disponeringsskrivet (2009) der det står skrivne ”*at alle barn under fire år bør plasseres direkte i fosterhjem uten mellomplassering*” (Smeplass, 2009, s.159). Grunnen til dette var fordi dei meina at dette skulle ivareta barnets beste ved å imøtekomme barnets tilknytingsbehov og unngå brot i forhold til tilknytingspersonar.

Vidare i artikkelen referera Smeplass til Jon Bowlby (1998) der han har gjort ein forskning på separasjon mellom foreldre og barn. Her legg Bowlby (1998) vekt på viktighetene rundt at barnet har ein trygg base som gir moderlig omsorg dersom barnet må skilles frå foreldra sine. Bowlby (1998) presisera at det er viktig at eit barn får ein person som kan bli ein form for morserstatning, sjølv i ein kortvarig tilknytingsprosess (Smeplass, 2009, s.162).

### **7.5 Relasjonsperspektiv**

I eit relasjonsperspektiv ser ein på menneske som del av ein større heilheit. Ut i frå dette perspektivet kan vi forstå mennesket som enkeltperson då vi ser på kva relasjonar dette menneske har til sine omgivelser. Frå første stund som nyfødde skapar vi ein relasjon til våre foreldre og andre omsorgspersonar, og vi utviklast innanfor dei rammene som våre omsorgspersonar setter opp. Ut i frå relasjonane eit menneske har til andre skjer det konstant utvikling (Håkonsen, 2009, s.26).

### **7.6 Relasjonar**

I dei seinare åra har relasjonsteori fått ein større tyding for utviklingspsykologien. ”En relasjon kan defineres som en personlig opplevd kontakt, av en viss varighet, mellom sosiale aktører” (Sommer, 2014, s.123).

Det kan tenkast at menneske ikkje kan leve adskild eller isolert, men dersom dette skjer er det i få ekstreme tilfeller då personen har valt dette sjølv. Ved å sjå det enkelte menneske og relasjonen dei har til andre kan ein få ei betre forståing av deira liv. Eit menneske møter dei store utfordringane i livet gjennom relasjon til andre menneske. Det å kunne forholde seg til andre og å utvikle seg selv som menneske og som individ i relasjonen til andre kan vere ei vanskeleg og krevende oppgåve for eit menneske. Når eit menneske utviklar seg i relasjon til andre blir ein også sårbar ( Håkonsen, 2009, s.299). Når ein har gode relasjonar til andre menneske kan dette vere grunnlaget for god psykisk helse. Ein god relasjon kan ivareta menneskets behov og gi trygghet slik at mennesket kan få innpass i eit fellesskap med andre. Det å kunne forholde seg til andre menneske blir ofte styrt av strevet etter å bli likt, respektert og satt pris på av ulike personar. Dette gjer ein avhengig av andre og dermed ekstra sårbar. Det er i situasjonar der ein er avhengig av andre ein blir mest sårbar, dermed kan ein person leve i risiko for å mislykkast og skadast psykologisk dersom relasjonen til andre blir dårleg. (Håkonsen, 2009, s.299).

## **8.0 Resiliens**

Omgrepet resiliens betyr ”god psykososial fungering hos barn til tross for opplevelse av risiko” ( Borge, 2010, s.11). Resiliens handlar om normal funksjon hos barn som har opplevd unormale forhold. Ein må alltid tenke at barn reagera ulikt, derfor kan nokre barn reagere ulikt på same type risiko. Resiliens kan dermed komme til syne på ulike måtar hos dei enkelte barna ( Borge, 2010, s. 90).

Barn kan få ein god utvikling sjølv om dei veks opp saman med omsorgspersonar som gir risiko for psykiske problem. Familierisiko kan vere alvorleg krangel mellom foreldre, rusmissbruk og omsorgssvikt, og at desse situasjonane varar over lengre tid. Barn som opplever vanskelege familieforhold, men likevel viser sunn tilpassing gjer noko med sin eigen situasjon. Desse barna har lett for å oppsøke andre trygge personar rundt seg som dei kan snakke med, dei kan og oppsøke andre utan å snakke, men for å unngå den vanskelege heimesituasjonen ( Borge, 2010, s.89).

## **9.0 Resultat av forskning**

I dette kapittelet skal eg ta føre meg dei ulike forskingsartiklane eg har funne i høve mi problemstilling. Eg vil skrive litt om dei ulike studiane og presentere noko av forskinga kring dette. Når det gjeld kunnskapsstatusen som er skriven av Elisabeth Backe-Hansen, Trine Egelund og Toril Havik er dette ein samling av mange ulike forskingar der eg har valt å bruke dei som eg meina er relevant for mi oppgåve.

### **9.1 Barnevernets moglege skadelege effektar på barn**

”Er plassering alltid bra? Barnevernets moglege skadelege effektar på barn” er ein fagartikkel skriven av Karen J. Skaale Havnen. Denne fagartikkelen er skriven i høve til Havnen si doktorgrad ved institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, NTNU, den 24.mai 2013. Denne fagartikkelen er relatert til avhandlinga ”Mellom psykisk helse og barnevern. Ein studie av psykiske vanskar hos barn plasserte utanfor heimen; førekomst, variasjon og utvikling”. Havnen har i sin fagartikkel brukt eiga forsikring og sett dette i lys av resultat frå andre studiar.

Havnen tek i si oppgåve utgangspunktet i at barnet er flytta utanfor heimen etter barnevernet sitt prinsipp om barnets beste. Havnen går også utifrå at barnet av ulike grunnar ikkje blir godt nok ivareteke av hos sine biologiske foreldre, og at det er slik barneverntenesta har teke avgjerda om at barnet skulle flyttast. Når Havnen skriv ”skadelige effektar” på barn som er

flytta utanfor heimen, ser ho på samanhengen mellom det å vere flytta i forhold til korleis barnet utviklar seg, fungera og trivast.

Havnen har brukt relevant forskning som seier noko om barnas bakgrunn, helse og fungering når dei blir flytta av barnevernet. Havnen skriv at forskinga viser at barn som er flytta allereie frå fødselen av har dårlegare helse enn andre. Barn som er flytta vekk frå heimen er også strekt overrepresenterte når det kjem til psykiske vanskar. Havnen si eiga forskning viser at intill tre fjerdedelar av barn i alderen 6-12 år hadde symptom på psykiske vanskar. Det viser seg at barn som er flytta oftare har åtferdsvanskar og hyperaktivitet enn barn som ikkje er flytta vekk frå heimen. Ein kan og sjå at gutar har høgare psykiske vanskar enn jenter.

Havnen skriv at eit anna hovudfunn er at mange av dei personane som hadde vanskar då dei som barn kom inn i barnevernet, også hadde vanskar som vaksne. Både norske og svenske undersøkingar av tidlegare barnevernsbarn har vist resultat av at personar som hadde tiltak i barnevernet som barn kjem dårlegare ut som vaksne enn adopterte barn og barn utan tiltak i barnevernet (Havnen, 2013, s.136).

Havnen skriv at barn som er flytta ut frå heimen etter lov om barneverntenester har ulike vanskar på ulike livsområde når dei kjem inn i barnevernet sitt system, men og når dei går ut barnevernet. Havnen skriv også at sjølve flyttinga utanfor heimen kan ha liten innverknad på barna sine psykiske vanskar ( Havnen, 2013, s.139).

Når ein veit at foreldra til barna som er flytta ut frå heimen har psykiske lidingar og rusproblem, er det ikkje utenkeleg at dei vanskane barna har kan vere genetisk betinga og derfor vanskeleg å endre. For barn som har levd med risikofaktorar frå tidleg alder ville det ha vore underleg om ikkje nokre av desse barna hadde psykiske vanskar, på denne måten kan det verke forståeleg at barn som er flytta har større vanskar enn barn som ikkje har flytta (Havnen, 2013, s.139).

Havnen skriv at for nokre barn kan ei flytting vere bra for barnet, men for nokre barn kan ei flytting vere vanskeleg. Det kan vere vanskeleg på den måten at barnet kan føle seg svikta eller avvist (Havnen, 2013,s. 140) .

Havnen referera til ein britisk oppfølgingsstudie som skriv at dei fleste barna som hadde blitt flytta hadde fått ei positiv utvikling på ulike livsområder. Desse barna fungerte likevel dårlegare enn andre barn på same alder. Havnen skriv at denne positive utviklinga ikkje varte



ved etter at barnet i seinare tid flytta vekk frå den bestemte plassen barneverntenesta hadde bestemd at barnet skulle bu. Dette kunne ein relatere til dårlege ettervernstilbod skriv Havnen (2013).

Studiar viser at nokre flyttingar førte negative utfall for barna, medan andre studiar seier at uansett kor mange gonger barnet har flytta til og frå ulike omsorgspersonar har barnet fått ein god relasjon og ein god funksjon.

Den forskinga som er gjort kring temaet seier at ein flytting utanfor heimen ikkje alltid klarar å hjelpe barnet med dei vanskanane barnet har frå før, medan andre hevdar at ei flytting ikkje er skadeleg for barnet (Havnen, 2013, s.142).

Det Havnen konkludera med er at flytting av barn ikkje alltid er bra. Dette handlar om at i nokre tilfelle kan barnevernet påføre barnet skadar ved å flytte barnet vekk frå heimen.

Havnen seier at det kan vere positivt at effekten av plasseringa er liten på den måten at barnet ikkje blir dårlegare ved ein flytting, men det kan også vere negativt på den måten at flyttinga ikkje fungera så optimalt som den kanskje skulle.

*”Eit siste moment er at sjølv om forskning har vist at plasserte barn fungerer dårlegare enn ikkje plasserte barn med same bakgrunn, veit vi ikkje korleis det ville ha gått med det enkelte barn dersom det ikkje var blitt plassert”. (Havnen, 2013, s.142)*

## **9.2 Barn og unge i fosterheim**

”Barn og unge i fosterhjem- en kunnskapsstatus” er skriven av Elisabeth Backe-Hansen, Trine Egelund og Toril Havik. Denne kunnskapsstatusen er ein del av det store nordiske forskingsprosjektet ”Fosterhjem for barns behov”. Kunnskapsstatusen er skriven med nordisk og europeisk forskning som er gjort frå 1980 til 2009 (Hansen, Egelund & Havik, 2010, s. 2). I frå denne kunnskapsstatusen kjem eg til å nemne noko av den forskinga eg meina er relevant i høve i mi oppgåve.

### **9.2.1 Flytting av barn til fosterheim**

Kunnskapsstatusen seier i kapittel 3 noko om korleis ein flytting til fosterheim kan påverke barnet.

Forskingresultata dei har funne frå 2009 baserar eg på ein longitudinell studie der det var 20 barn som hadde erfaringar med å bu i fosterheim. Denne studien tok utgangspunkt i tilknytningsteori då dei analyserte informasjonen dei fikk. Her var resultatet at 11 av 20 barn som har flytta til og frå ulike fosterheimar såg på fosterforeldra som sin trygge base og hadde i seinare tid kontakt med sine fosterforeldre då barna såg på dei som ein del av sin familie.

### 9.2.2 Fosterbarns helse

Vidare i kapittel 5 er det forskning som seier nok om fosterbarna si psykiske og fysiske helse. Resultata frå 2003 til 2008 kan forklarast på to ulike måtar. På den eine sida kan eg seie at barn som har flytta vekk frå sine biologiske foreldre har oftare fysiske og psykiske helseproblem enn andre barn på same alder. På den andre sida kan resultata seie at desse helseforskjellane kjem av sjølve helsa til barnet som har flytta, og at desse helseforskjellane ikkje har noko å gjere med sjølve flyttinga ( Hansen et al, 2010, s. 28).

Når det kjem til psykiske diagnosar kan resultata konkludere med at barna som har blitt flytta har i større grad barnepsykiatriske diagnosar enn barn på same alder, dette gjeld og dei barna som ikkje er flytta, men er sosialt utsette ( Hansen et al, 2010, s. 29).

Resultata frå 2009 er basert på danske, norske og britiske studiar som handlar om barn under omsorg av barneverntenesta og deira mentale helse. På den første studien forfattarane presentera var formålet å finne omfanget av mentale helseproblem blant fosterbarn og barn som var flytta til institusjon , og sjå dette i forhold til barn som budde heime med tiltak og barn som ikkje hadde kjennskap til barneverntenesta. I denne studien såg dei også på kva faktorar som hang saman med barna sine mentale helseproblem. Resultata i denne studien seier at 20% av barna som var under barnevernets omsorg hadde minst ein psykisk diagnose, av barna som ikkje hadde kjennskap til barneverntenesta hadde 3% av desse ein psykisk diagnose. Dei faktorane som viste seg å vere påverknadane til resultata i denne studien var forskjellen på kjønn, om foreldra var einsleg forsørgjar og om foreldra til barna hadde psykisk problem (Hansen et al, 2010, s.31)

Ein anna studie som er gjort om barnevernsbarns mentale helse baserar forskinga si på 109 barn som er blitt flytta akutt av barnevernet. Barna var mellom 6 til 12 år og dei fleste av desse barna vart i ettertid flytta til ein fosterheim. Formålet med denne studien var å sjå på dei mentale helseproblema barna hadde i samanheng med risikofaktorar knytt til familien. Forfattarane tok i denne studien utgangspunkt i tre ulike risikoelement, dette var risiko knytt til foreldra, risiko i forhold til relasjon mellom foreldre og barn, og risiko for vanskjømte og misshandling av barna ( Hansen et al, 2010, s.31) Dei analyserte resultata på denne studien seier at 70 % av barna hadde symptom på psykiske helseplager.

Forfattarane konkludera i denne studien med at familierelaterte årsaker kan vere ein påverking til barnas mentale helseproblem (Hansen et al, 2010, s.31).

## 10.0 Drøfting

### 10.1 Kva fordelar har det for barnet å bli flytta?

Når eit barn blir flytta vekk frå sine biologiske foreldre kan dette vere på grunnlag av at barneverntenesta har fatta vedtak om omsorgsovertaking. Ei slik flytting kan skje etter ulike paragrafar i barnevernlova. Nokre barn kan bli flytta akutt etter §4-6, andre med samtykke etter § 4-4 skjette ledd og nokre blir flytta etter sluttinga om omsorgsovertaking §4-12. Det er gjort mange studiar som seier noko om kva ei slik flytting gjer med barnet. Sjølv om dei fleste studiar seier at eit barn kan bli påført skadar av ei slik flytting er det også funne resultat som seier at sjølve flyttinga ikkje er grunnen til skadande barnet har fått. Karen J. Skaale Havnen (2013) sin artikkel seier noko om at barnet allereie før flyttinga hadde dårlegare helse.

Havnen har funne studiar som seier at ei flytting ikkje er skadeleg for barnet og at nokre barn har enda opp med å få ein god relasjon og god funksjon til sine nye omsorgspersonar. Havnen konkludera i sin artikkel med at ei flytting ikkje alltid er bra, men påpeikar i konklusjonen at vi må tenkje på kva som kunne ha skjedd med barnet dersom det ikkje hadde blitt flytta (Havnen, 2013). Dersom eit barn lever med omsorgssvikt over lenger tid kan barnet utvikle utrygg tilknytingsstil. Barn kan reagere ulikt på same risiko og få ulike utfall seinare i livet, dermed kan eg tenke meg at nokon av dei resultatata som Havnen har presentert er prega av dette. Barn som blir utsatt for risiko som omsorgssvikt kan få ein god psykososial fungering seinare. Borge (2010) skriv at barn som lever med kronisk risiko kan forandre sin funksjon til tross for vanskelege oppvekstvilkår. Når eit barn har sunn tilpassing sjølv om det har levd under vanskelege forhold, kan dette vere fordi barnet har gjort noko med sin eigen tilvære og har kanskje oppsøkt andre trygge vaksne (Borge, 2010). Eit barn kan danne fleire tilknytingsrelasjonar, dette kan vere både primærpersonar eller sekundærpersonar. Ein kan då tenke seg at barn som har levd under vanskelege forhold, men likevel utviklar ein sunn tilpassing har til dømes ein relasjon med ein sekundærperson. Denne sekundærpersonen kan barnet ha opplevd som ein trygg vaksen noko som kan ha ført til at barnet har fått moglegheita til å utvikle seg innanfor nokre trygge rammer. Barnet kan ha fått ein form for trygg tilknytning til denne akkurat personen.

Nokre av resultatata til Havnen (2013) seier at nokre barn hadde enda opp med å få ein god relasjon til sine nye omsorgspersonar etter dei hadde blitt flytta. Ein kan stille spørsmål om dette er fordi akkurat desse barna har blitt flytta til ein ny heim i dei første leveåra og dermed har unngått nokre av belastningane eit barn kan få av omsorgssvikt. Smeplass (2009) referera

til disponeringsskrivet (2009) der det står skrive at eit barn under fire år bør flyttast direkte i fosterheim utan ein mellomplassering. Dette var for å unngå at barnet skulle unngå store brot i forhold til tilknytingspersonar. Dersom ein tek utgangspunkt i at desse barna vart flytta til ein ny heim i dei første leveåra, kan barnet ha opplevd kontinuitet og stabilitet tideleg i livet. Dette kan ha ført til at barnet har opplevd trygghet og dermed kan ha utvikla ein ny relasjonstilknytning til sine nye omsorgspersonar. Ein kan sjå desse resultatane i lys av tilknytningsteori. Ein kan bruke tilknytningsteorien for å forstå korleis barnet har utvikla ein god relasjon og funksjon til sine nye omsorgspersonar ved at barnet har fått ein moglegheit til å utvikle ein trygg tilknytning. Den nye omsorgspersonen til barnet har kanskje gitt barnet moderleg omsorg, vore emosjonelt og fysisk tilgjengeleg noko som fører til ein trygg tilknytingsstil. Når eit barn opplever dette kan utviklingskonsekvensen i følgje tilknytningsteorien vere at barnet får ein trygg base for utforsking og utvikling.

## **10.2 Kva gjer ei flytting med barnet?**

I kunnskapsstatusen som er skriven av Hansen, Egelund og Havik (2010) er det funne forskingsresultat som seier noko om fosterbarna si fysiske og psykiske helse. Her viser resultatane at dei barna som er flytta har fysiske og psykiske helseproblem oftare enn andre barn på same alder. Når det kjem til psykiske diagnosar kan ein seie at barn som er flytta har i større grad ein form for barnepsykiatriske diagnosar. Når det gjeld barnepsykiatriske diagnosar er og barn om ikkje er flytta, men sosialt utsette og i fare for å ha ein barnepsykiatrisk diagnose. Forskingsresultata frå 2009 som gjeld fosterbarns mentale helse seier at det var 20% av barna som hadde ein psykisk diagnose og av barna som var sosialt utsette var det 3% som hadde ein psykisk diagnose. Med desse prosentane kan ein sjå at barna som er flytta likevel har eit større omfang av psykiske diagnosar enn andre barn sjølv om dei er sosialt utsette. Ein kan stille spørsmål til kvifor desse 20 % av barna hadde ein psykisk diagnose. Er dette fordi barna kan ha opplevd traumatiske opplevingar knytt til sin omsorg eller kan desse resultatane vere ein konsekvens av eit tilknytings- og relasjonsbrot. Dersom ein ser der siste alternativet i lys av eit tilknytingsperspektiv og eit relasjonsperspektiv og ser det lys av det Håkonsen (2009) skriv om at barn i relasjon til sine omsorgspersonar danner ei tilknytning og at det er mykje som har samanheng mellom denne tilknyttingen og seinare utvikling. Ein kan kanskje forstå det som at denne tilknyttingen barnet har hatt med sine omsorgspersonar kanskje ikkje har vore ein trygg tilknytning. Barnet har kanskje likevel brukt omsorgspersonane som ein base for utvikling sjølv om tilknyttingen ikkje har vore trygg. Eg kan derfor tenke meg at separasjon frå omsorgspersonane kan vere ein påkjenning for barnet

sjølv om omsorgspersonane og barnet si tilknytning ikkje var god. Denne tilknyttingen barnet hadde med sine omsorgspersonar før ei flytting i lag med påverknadane barnet fikk ved ein separasjon, kan ut i frå mine tolkingar ein innverknad på kvifor nokre barnevernsbarn kan utvikle ein psykisk diagnose.

Den siste studien eg har valt å ta utgangspunkt i frå kunnskapsstatusen er ein studie som handlar om den mentale helsa til barnet og risikofaktorar knytt til familien. I denne studien var det heile 70% av 109 barn som hadde psykiske helseplager. Studien seier at desse helseproblema kan vere knytt til foreldrerisiko og risiko knytt til relasjonen mellom foreldre og barn. Dersom ein ser desse resultata frå eit relasjonsperspektiv kan ein sjå på barnet som enkeltperson i samhandling med sine omsorgspersonar og omgivadar. Håkonsen (2009) skriv at barnet frå første stund som nyfødd skapar ein relasjon til sine omsorgspersonar og at barnet utviklast innan for rammene desse omsorgspersonane set. Når eit barn utviklar seg i relasjon til andre menneske er barnet sårbart, dette kan vere fordi barnet er avhengig av sine omsorgspersonar som beskyttelse. Dersom foreldra til eit barn er ein utrygg vaksen som ikkje gir barnet trygge rammer, kan barnet ende opp med å utvikle utrygg, ambivalent eller unnvikande tilknytingsstil ( Kvello, 2010). Når ein snakkar om risiko som eit fagleg uttrykk innan barnevernsarbeid kan ein forstå det i samanheng med utvikling og psykiske lidingar. Risiko kan tyde forhold som gir fare for utvikling av vanskar (Kvello, 2010). Dersom ein ser på ordet foreldrerisiko i samanheng med at barn utviklast i relasjon med sine foreldre, kan eg forstå foreldrerisiko som fare for at barnet utviklar vanskar på grunnlag av foreldra si type omsorg for barnet.

### **10.3 Korleis kan vi forstå at barn kan utvikle vanskar ved ei flytting**

Havnen skriv at barn som er flytta etter lov om barnevenstenester har ulike vanskar på ulike livsområde når dei kjem inn i barnevernet sitt system, men og når dei går ut av dette systemet. Havnen skriv også at nokre av barna som hadde blitt flytta hadde fått ein positiv utvikling på ulike livsområder, men at denne utviklinga ikkje varte ved etter at barnet i seinare tid flytta vekk frå sine nye omsorgspersonar og at dette kunna ha noko å gjere med dårlege ettervernstilbod ( Havnen, 2013). Eg vel å tolke desse resultata som at barnet hadde vanskar då det kom inn i barnevernet sitt system, men at det hadde ein god utvikling då det var innan dette systemet, og igjen fikk vanskar då barnet nærma seg vaksen alder og ikkje som lenger ein del av barnevernets system. Dermed kan det kanskje vere barnevernet sine tiltak som har ført til god utvikling hjå barnet i den perioden det var flytta. Når eit barn blir utsatt for omsorgssvikt brukar barnet lite krefter på sosial og kognitiv utvikling (Killén, 2015). Når eit

barn blir flytta kan barnet ende opp med å danne ein ny tilknytingsrelasjon. Dersom barnet har fått ein god tilknytning til sine nye omsorgspersonar kan barnet bruke denne personen som ein trygg base for utforsking. Eg tenkjer då utifrå resultata frå Havnen (2013) sin artikkel og teorien i mi oppgåve at barnet kan ha hatt ein god utvikling på grunnlag av tryggleiken barnet har fått etter ei flytting. Vanskane barnet hadde før det vart flytta kan vere ein konsekvens av å bli utsatt for omsorgssvikt. Vanskane barnet opplever i seinare alder kan vere ein konsekvens av at barnet mistar tryggleiken det har hatt ved hjelp av tiltaka barneverntenesta har satt i verk, og at det mistar noko av tryggleiken knytt til dei trygge omsorgspersonane. Dersom ein ser nærmare på det Havnen (2013) skriv kan ein tolke det som at nokre barn fikk ein positiv utvikling etter ei flytting. Dette kan då vere ein konsekvens av at barneverntenesta fatta slutting om å flytte barnet utanforheimen. Denne konsekvensen er i dette tilfelle ein positiv konsekvens som gjorde til at barnet fikk ein moglegheit til utvikling innan trygge rammer.

I kunnskapsstatusen (Hansen et al, 2010) er det funne fram til mange studiar som seier noko om den mentale helsa til barnevernsbarn. Samla viser desse resultata at ein stor del av barnevernsbarn har ein form for psykisk helseplage. For å forstå kvifor så mange barnevernsbarn har ein form for psykisk helseplage kan vi knytte dette til at barnet har levd med risiko. Å leve med risiko tyder, som tidlegare nemnt å leve under forhold som kan auke faren for å utvikle vanskar (Kvello, 2010). Å leve med omsorgssvikt kan tyde å leve med ein slik type risiko som gjer at barnet kan utvikle vanskar. Ein kan i dette tilfelle tenke at desse vanskane er ein psykisk helseplage. Dermed kan ein seie at barna som har levd med omsorgssvikt kan ha utvikla psykiske helseplager på grunnlag av den omsorgssvikta barnet har opplevd. På ei anna side kan omsorgssvikt finnast i mange ulike former, ulik varighet og i ulike kombinasjonar, og vi veit at barn reagera ulikt på omsorgssvikt. Dermed kan vi ikkje seie at alle barn som har blitt utsatt for omsorgssvikt kjem til eller kan få ein from for psykiske helseplagar. Barn som dagleg opplev alvorlege situasjonar på grunnlag av vanskelege oppvekstvilkår, kan likevel få ein relativt tilfredsstillande psykologisk funksjon (Borge,2010).

#### **10.4 Konklusjon**

Ein kan tydeleg sjå at ei flytting kan vere med på å påverke barnas psykiske helse. Om det er flyttinga i seg sjølv eller om det er omfanget av omsorgssvikt og problem knytt til familien som er avgjerande er usikkert då det ikkje er nokon konkrete svar på dette. Det ein kan konkludere med er at ei flytting kan gi mange konsekvensar for eit barn. Desse

konsekvensane kan vere at barnet slepp å bu med omsorgssvikt og kan ende opp med å få nye og trygge omsorgspersonar som kan hjelpe barnet til å få ein god utvikling. Ein annan konsekvens kan vere at barnet kan bli påverka av situasjonen rundt ei flytting med tanke på brot i relasjonar til sine tilknytingspersonar.

Ein kan også sjå gjennom mi drøfting at omfanget av omsorgssvikt er ein stor påverknad på resultatane som seier at barnevernsbarn kjem dårlegare ut enn andre barn på same alder. Ein kan konkludere med at ei flytting av barn ikkje alltid er bra, men det er heller ikkje bra for barnet å vokse opp under forhold som kan vere skadelege.

Eg meina sjølv at den største fordelan barnet har med å bli flytta ut av heimen dersom det lev med omsorgssvikt er at barnet får ein betre sjanse til å utvikle seg på ein god måte og får kanskje ein betre framtid.

## **11.0 Avslutting**

Målet mitt med denne oppgåva var å finne ut kva konsekvensar eit barn kunne få av ei flytting. Gjennom mi oppgåve har eg tileigna meg meir kunnskap om korleis konsekvensar eit barn kan få ved å leve med omsorgssvikt, men også kva konsekvensar eit barn kan få av ei flytting. Eg har fått kunnskap om at sjølv om eit barn har opplevd omsorgssvikt kan det etter ei flytting få moglegheit til ei sunn utvikling og ei god psykososial fungering. Eit barn som blir flytta treng ikkje nødvendigvis å få skadar som følgje av flyttinga, men det barnet har opplevd gjennom ei flytting og tidlegare livserfaringar kan ha ei påverknad på ein utvikling av ein psykisk helse som ikkje alltid peikar i riktig retning. Korleis eit barn handtera det å leve med omsorgssvikt og det å bli flytta vekk frå sine biologiske foreldre kan vere individuelt frå barn til barn.

Eg vil heilt til slutt nemne ut i frå det eg har lært av mi oppgåve, at flytting av barn vekk frå sine biologiske foreldre ikkje blir gjort som ein handling for å øydelegge relasjonar mellom omsorgspersonar og barn, men som ei handling for at barnet skal kunne få ein moglegheit for ein betre framtid.

## 12.0 Litteraturliste

- Backe-Hansen, E., Egelund, T. & Havik, T. (2010) *Barn og unge i fosterhjem – en kunnskapsstatus*. NOVA
- Barnevernloven (1992) Lov om barneverntjenester Henta: 23.05.16 frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova#KAPITTEL_4)
- Bufdir (2015) *Barn og unge som er plassert utenfor hjemmet*. Henta 20.04.16 frå [http://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Barnevern/Barn\\_og\\_unge\\_med\\_tiltak\\_fra\\_barnevernet/Barn\\_og\\_unge\\_plassert\\_utenfor\\_hjemmet/#heading13561](http://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern/Barn_og_unge_med_tiltak_fra_barnevernet/Barn_og_unge_plassert_utenfor_hjemmet/#heading13561)
- Bunkholdt, V. (2000) *Utviklingspsykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bunkholdt, V. & Sandbæk, M. (2008) *Praktisk barnevernarbeid* Oslo: Gyldendal Akademisk
- Borge, A. I. H. (2010) *Resiliens – risiko og sunn utvikling*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Dalland, O. (2012) *Metode og oppgaveskriving* Oslo: Gyldendal Akademisk
- Forandringsfabrikken (u.å.) *Om forandringsfabrikken*. Henta 07.05.16 frå <http://www.forandringsfabrikken.no/om-oss/>
- Havnen, K. J. S. (2013) *Er plassering alltid bra? – Barnevernets moglege skadelege effektar på barn*. Norges barnevern, Universitetsforlaget.
- Håkonsen, K. (2009). *Innføring i psykologi (4.utg.ed.)*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Johannessen, A. Tuftene, P. A. & Christoffersen, L. (2010) *Introduksjon til samfunnsvitenskaplig metode* Oslo: Abstrakt forlag



- Killén, K. (2015) *Sveket I: Risiko og omsorgssvikt – Et helseproblem og tverfaglig ansvar* Oslo: Kommuneforlaget
- Kvello, Ø. (2010) *Barn i risiko – Skadelige omsorgssituasjoner* Oslo: Gyldendal Akademisk
- Smeplass, S. F. (2009) *Tilkytningsteori i møte med praksisfeltet ved plassering av små barn i fosterhjem*. Norsk barnevern, universitetsforlaget.
- Sommer, D. (2014) *Barndomspsykologi – små barn i en ny tid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Statistisk sentralbyrå. (2015) *Auke i barn under omsorg av barnevernet*. Henta 07.05.16 frå <http://www.ssb.no/barneverng>
- Støren, I. (2013) *Bare søk! Praktisk veiledning i å gjennomføre litteraturstudie* Oslo: Cappelen Damm

## **13.0 Vedlegg – Sjølvvalt pensum**